



BARNE-, LIKESTILLINGS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

Arkivkode: 710

Dato: 3/5-2011

Saksnr: 201100193-114

Møtedato: Sak nr:
13.04. 2011 10/11

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Hovudutval for helse og omsorg

Formannskapet

26.04. 2011 23/11

Saksbehandler: Gunvor Winterstø Holmen
Arkivsak: 10/404-45

Arkiv: F31

HØYRINGSUTTALE - Busetjingsordning for flyktningar

SAKA GJELD

Busetjing av flyktningar er ei frivillig oppgåve for den enkelte kommune. I høyringsbrev av 31.01.2011, jf. vedlegg til saka, føreslår Det kongelege barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet å endra busetjingsordninga slik at kommunane sin sjølvråderett vert avgrensa. Målet er raskare busetjing av flyktningar som får opphald. Klepp kommune har, saman med kommunane Time, Hå, Lund og Gjesdal vurdert høyringa. I vurderinga har kommunane brukt KS sin høyringsuttale av 02.03.2011 som bakteppe, jf. vedlegg. Likelydande sak blir lagt fram i dei andre kommunane.

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

Busetjingsordninga som gjeld i dag blei innført i 2002. Målet med ordninga var å sikra at alle flyktningar blei busette innan 6 månader, og einslege mindreårige innan 3 månader. Desse måla har vore vanskelege å nå. I dag må mange venta for lenge på busetjing i ein kommune etter at opphald er innvilga. Bare 16 % av dei einslege mindreårige blei busette innan 3 månader i 2010. Dette er bakgrunnen for at departementet sender høyringsforslag til endring av busetjingsordning for flyktningar.

Forslaget frå barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet tek primært sikte på å få kommunane til å ta eit større ansvar for fordelinga av flyktningar seg imellom, og gjennomføra rask busetjing av alle som får opphald. Dersom kommunane ikkje blir einige seg imellom, eller ikkje buset flyktningane etter dei tidsmåla som er sette, vert det føreslått at fylkeskommunen får rett til å tilvisa flyktningar til kommunane.

For å unngå forhandlingar mellom integrerings- og mangfaldsdirektorat (IMDI) og kommunane, vert det i høyringa presisert at kommunane ikkje kan knyta vilkår til vedtak om busetjing av bestemte flyktningar. Viss kommunane ikkje greier å busetja flyktningar innan rimeleg tid (3 månader), føreslår departementet å avkorta

integreringstilskotet. Alternativt får fylkesmannen løyve til å leiga inn bustader som kommunen betaler. Til slutt legg høyringa vekt på at tilviste flyktningar skal ha same rettane som frivillig busette.

Departementet ønskjer primært tilbakemelding på følgjande punkt i høyringsbrevet:

VI: Forslag til endringar i dagens ordning

VII: Økonomiske og administrative konsekvensar av endringar i ordninga.

Busetjinga følgjer 3-årige handlingsplanar for arbeid med flyktningar i kommunen, vedtekne av kommunestyret.

HØYRINGSUTTALE

Saman med de andre kommunane (hvilke som stiller seg bak høyringsbrevet er ikkje klart pr. dags datp pga skrivefristen til hovedutvalget), har Klepp kommune følgjande synspunkt på forslaga fremja i høyringsbrevet:

Å løysa viktige samfunnsoppgåver må i hovudsak vera tufta på eit føreseieleg samspel mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale forvaltningsnivå etter klare politiske vedtak. Prinsippet om lokalt folkestyre og lokal sjøvråderett må liggja til grunn og vera ein føresetnad for best mogleg løysing av alle samfunnsoppgåver.

Då mange nasjonale oppgåver er ønska løyst av kommunesektoren utan tilsvarende fullfinansiering av dei, er det særskilt viktig at det lokale sjølvstyret ikkje vert påført tvang som motivasjonsfaktor til å prioritera mellom samfunnsoppgåver som skal løysast utan at desse er fullfinansierte av staten. Det vil verka demotiverande, og heilt klart påverke det lokale sjølvstyret i negativ lei.

Kommunane er imot ei endring i busetjingsmodellen som inneber tvang. Kort busetjingstid er viktig, men dette synet bør ikkje gå på kostnad av kravet om ei kvalitativ god busetjing. Eit langsiktig resultat i integreringsarbeidet er viktigare enn kortsiktige mål. Tvang kan svekka integreringsarbeidet som allereie føregår i kommunane. Å setja vilkår kan skapa problem for busetjinga då det er kommunane som kjenner dei lokale tilhøva best. Kommunane må til dømes ta omsyn til om det kommunale tenestetilbodet er i stand til å gi tenester til flyktningar med store og samansette helseproblem. Det same gjeld i høve til barneverntenesta. Dei må ha både kapasitet og kompetanse for å kunne gi det tenestetilbodet som er nødvendig for mindreårige barn. Fullfinansiering vil vera eit verkemiddel i busetjingsarbeidet av desse gruppene.

Mangel på bustad er ofte ein flaskehals i busetjingsarbeidet. Finansieringsordninga er per i dag ikkje god nok. Eit verkemiddel for rask busetjing vil vera ei betring av Husbanken sine ordningar. Med mange einslege på mottak, har kommunen behov for fleire små bueiningar. Gunstig finansiering av mindre bueiningar, til dømes hybelhus, kunne ført til raskare busetjing i kommunane. Det er lite truleg at fylkesmannen, utan ekstra midlar, kan overta oppgåva med å leiga inn bustader til

flyktningar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som i tillegg krev lokal kunnskap for å sikra ei god integrering av flyktningen.

IMDI har gjennom arbeidet sitt med flyktningar opparbeidd seg god kompetanse i høve til flyktningsproblematikk, lovgrunnlag og kjennskap til den enkelte kommune. Det kan ta lang tid før fylkesmannen har fått same kompetanse. Det kan føra til frustrasjon og meirarbeid for den enkelte kommune viss fylkesmannen tilviser flyktningar utan å kjenna dei lokale tilhøva godt nok. Det kan likevel diskuteras om auka interkommunalt samarbeid i høve busetjing av flyktningar, kan vera ein veg å gå for å få busett flyktningar raskare. Her bør også staten sjå på eigne rutinar for å oppnå ein meir effektiv prosess frå løyve om opphald til avtale med kommune er inngått.

I høyringa føreslår barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet å korta ned integreringstilskotet viss kommunane ikkje greier å busetja flyktningen innan gitte fristar. Straff er feil veg å gå. Departementet bør heller auka tilskotet til dei kommunane som lukkast i å busetja flyktningar innan fristen, og slik stimulera kommunane til ei god utvikling.

I rapporten "Inntekter og utgifter for kommunar som busett flyktningar" frå barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, går det fram at integreringstilskotet ikkje dekkjer dei utgiftene kommunen har ved mottak av flyktningar. Departementet bør på grunnlag av dette vurdere å auka integreringstilskotet, og motivere kommunane til auka mottak av flyktningar m.a. ved hjelp av føreseielege og langsiktige handlingsplanar.

VURDERING:

Busetjing av flyktningar er ei nasjonal oppgåve som kommunesektoren må løysa i fellesskap. Klepp kommune har teke imot flyktningar i mange år, og har etter kvart fått god kunnskap og erfaring med mottak og oppfølging av målgruppa.

Rådmannen meiner det er viktig å bidra i arbeidet med å busetja flyktningar som har fått opphald. Ei viktig målsetjing er å kunne gje eit kvalitetsmessig og fagleg godt tilbod til dei som vert busette. Rådmannen er usikker på om dette målet kan nås viss flyktningar vert tilviste, og kommunen ikkje lenger kan leggja langsiktige føringar for mottak. Ordninga kan også svekka integreringsarbeidet på grunn av manglande lokal kunnskap. Til sist meiner rådmannen at barne-, likestillings- og integreringsdepartementet bør prioritera å løyva midlar til kjøp og oppgradering av bustader til flyktningar, og sørgja for at integreringstilskotet elles dekkjer reelle utgifter i samband med busetjing.

Rådmannen tilrår at formannskapet godkjenner høyringsuttalen til rapporten "Forslag til busetjingsordning for flyktningar med mål om raskare busetjing" slik den kjem fram i saksframlegget. Høyringsuttalen vert sendt til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Vedlegg:

- Høyringsbrev om "Forslag til busetjingsordning for flyktingar med mål om raskare busetjing" frå Det kongelege barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement, datert 31.01.2010.
- Høyringsuttale frå KS "Høring – forslag om ny bosettingsmodell", datert 02.03.2011.
- Høyringsbrev "Vedr. forslag til ny bosettingsmodell for flyktingar – KS oppfordrar til å gi høringssvar", datert 14.03.2011

Innstilling:

Rådmannen tilrår at saka går til formannskapet med slik tilråding:

1. Klepp formannskap godkjenner høyringsuttalens til rapporten "Forslag til busetjingsordning for flyktingar med mål om raskare busetjing" slik den kjem fram i saksframlegget.
2. Høyringsuttalen vert sendt til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Hovudutval for helse og omsorg den 13.04. 2011 sak 10/11

Einstemmig TILRÅDING:

1. Klepp formannskap godkjenner høyringsuttalen til rapporten "Forslag til busetjingsordning for flyktingar med mål om raskare busetjing" slik den kjem fram i saksframlegget.
2. Høyringsuttalen vert sendt til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Formannskapet den 26.04. 2011 sak 23/11

Behandling:

Forslag frå Elfin Lea -h

Nytt punkt 2 (nåverande punkt 2 blir punkt 3):

Formannskapet oppfattar departementet sitt forslag utruleg provoserande. Departementet varslar om tvang og truslar i ei sak der samarbeid mellom lokale og sentrale styresmakter må vera måten å løyse ei nasjonal oppgåve på.

Votering:


Innstillinga fekk 8 stemmer.

Forslaget frå Elfin Lea fekk 6 stemmer, Sigmund Rolfsen -a og Hilde Kraggerud -sp stemte mot.

VEDTAK:

1. Klepp formannskap godkjenner høringsuttalen til rapporten "Forslag til busetjingsordning for flyktingar med mål om raskare busetjing" slik den kjem fram i saksframlegget.
2. Formannskapet oppfatar departementet sitt forslag utruleg provoserande. Departementet varslar om tvang og truslar i ei sak der samarbeid mellom lokale og sentrale styresmakter må vera måten å løyse ei nasjonal oppgåve på.
3. Høringsuttalen vert sendt til barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Rett utskrift, 29.04. 2011


Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo

e-post: postmottak@bld.dep.no

KS Postboks 1378 VIKÅ, 0114 Oslo

E-post: ks@ks.no